

surnadal kulturhus

Salg av billetter i resepsjonen på kulturhuset.

Alle dager – 24.t. – tlf. 71 65 71 00

Kiosken opnar 1 time før forestillinger. – tlf. 71 65 71 08

Billettsalg på nett: www.surnadal-kulturhus.no

E-post: post@surnadal-kulturhus.no



UNNI BOKSASP ENSEMBLE



HORN MUSIKKEN



SANGKORET TORMOD



JØRGEN-KVELD



SURNADAL

www.varsog-hotell.no

Kulturkalenderen – April 2011



På Kino

Aktuelle filmar i april



JØRGEN + ANNE = SANT

Barnefilm | 1 t. 26 min. 7 år

Anne Lunde går i 5 klasse og forelskar seg i den nye guten i klassen som heiter Jørgen Ruge. Men når den penaste jenta på skulen også forelskar seg i den nye innflyttaren, tilspissar situasjonen seg. Vinnarsjansane er kanskje ikkje på sida til Anne, men Jørgen Ruge skal bli kjærasten hennar. Sjølv om nokre vaksne ikkje trur ein kan bli skikkeleg forelska når ein berre går i femte klasse, så veit Anne betre. For det kan ein! Kritikkarrøst og populær barnefilm.



KONGENS TALE

Drama | 1 t. 59 min. Alle

Albert (Colin Firth), som går under namnet Bertie innanfor familien, slit med alvorleg stamming. Samstundes stiller det britiske kongehuset spørsmål om evnene hans som tronarving. Dei språklege problema hans blir hemmelege for utsida, men blir avslørt når han ein dag må halde den første offentlege talen.

Når den eldste broren i 1936 seier frå seg trona etter at faren dør, seier Bertie motvillig ja til å bli konge i det britiske riket. Han tek namnet Kong Georg VI.

Stort britisk drama av beste merke.



RIO 3D (NO. TALE)

Familiefilm | 1 t. 36 min.

Fargesprakande komedie i 3D frå gjengen bak "Istid". Blu bur i Minnesota saman med eigaren sin og bestevenen Linda. Ein dag finn dei ut at Blu ikkje er den einaste gjenlevande av arten sin, det finns ein til i RIO! Dei reiser difor til det eksotiske landet for å introdusere Blu for Jewel. Men like etter at dei kjem fram blir Blu og Jewel kidnappa av en gjeng smuglarar. Med assistanse frå nokre lokale fuglar og Jewel si kløkt, klarar dei å rømme. No må berre Blu lære seg å fly, kvitte seg med kidnapparane som heng hakk i hæl og finne igjen Linda. Fargesprakande animasjonsfilm som vi viser i 3D.



VARG VEUM - DØDENS DRABANTER

Krim/Thriller | 1 t. 37 min. 11 år

Varg Veum blir tilkalla av førstebetjent Hamre til eit gisseldrama på en gard utanfor Bergen. Eit ektepar har vorte brutalt myrda, og bevisa peiker mot den 16 år gamle fostersonen. Men Varg kjenner guten frå tida si i barnevernet, og får ikkje brikkene til å stemme like godt som Hamre, sjølv ikkje når guten tilstår. Varg allierer seg med Cecilie, en gamal flamme i barnevernet, og oppdagar at ekteparet dreiv ei lyskysk verksemd som skaffa dei fleire fiendar, i ein kynisk handel der liva til unge menneske står på rekinga. Varg får hastverk med å løyse saka, før fleire uskuldelege ungdommar døyr.



RANGO (NO. TALE)

Animasjon/Eventyr | 1 t. 48 min. 7 år

Frå regissøren av Pirates of the Caribbean kjem no Rango - eit komedieeventyr som tek deg med på ei hysterisk morosam og hjartevarmande ferd til det Ville Vesten. Når Rango ved eit uhell ender opp i westernbyen Dirt, oppdagar plutsleg den lite heltemodige øgla at han i aller høgaste grad skil seg ut. Innbyggjarane i byen ynskjer han velkommen som sitt aller siste håp, og før han veit ordet av det har han utnemnd seg sjølv til Sheriff Rango. Han tek på seg rollen etter beste evne, heilt til ei rekkje actionpakka situasjonar og møter med diverse sprø typar forvandler han til helten han alltid har drøymd om å være.

OMLEGGING TIL DIGITAL KINO

No er endeleg kinoen digitalisert. Det nye distribusjonssystemet av film gjer at vi no ikkje kan fastsette eit fullstendig månadleg kinoprogram i kulturfoldaren slik som tidlegare. Vi har vorte meir avhengig av fleksibilitet når det gjeld bestilling av filmar, og dette gjer at vi ikkje har oversikt over kva som skal visast på kino i vekene etter at kulturfoldaren er sendt ut.

Vi oppmodar difor om å følgje med i lokalvisa og på nettsidene våre. Vi er også på Facebook. Om du "liker" oss der, vil du få informasjon kva vi viser ein gong i veka. På nettsidene våre ligg det til ei kvar tid eit oppdatert kinoprogram. Vi kan no love at vi vil få fleire premierar og annan film mykje tidlegare enn før.

Aktivitetar

1.4. UNNI BOKSASP ENSEMBLE.

Vinnarar av Spelemannsprisen 2011

Vinnarane av Folkelarmprisen for beste arrangerte folkemusikkplate 2010!

Sjølv om Keramello er namnet på ein gamal geitelokk og ikkje ei obskur nordmørsk dialektform for karamellar, er den nye plata til Unni Boksasp Ensemble Keramello full av nettopp musikalske karamellar. Melodiane på plata er handplukka perler frå den midtnorske folkemusikkarven. Ikkje berre har dei fått raffinerte og fengjande arrangement som gjer dei tilgjengelege og tiltalende for alle slags folk, på alle kantar av landet. I tillegg er dei framført av seks karamellar av nokre musikarar. Landskappleikvinnar Unni Boksasp (song) er frontfiguren i gruppa. I tillegg bidrar Jorun Marie Kvernberg og Olav Mjelva (feler), Magne Vestrum (bass), Trygve Brøske (trøorgel) og Petter Berndalen (perkusjon) på det som til saman blir ei plate Aftenpostens Svein Andersen omtalar slik:

Det osar overskudd og speglede av Keramello når Unni Boksasp Ensemble slipper seg løs. Dette er humørfyllt folkemusikk som gjennom utsøkte arrangementer oppleves som et gedigent festmåltid. Vel er dette folkemusikk frå ei nær fortid, men på inga måte tilårskommen musikk av den grunn. Gruppa er svært lydør for dei minste detaljar i den enkelte song, og briljerer fantasifullt og sikkert. Songaren Unni Boksasp og hennar ensemble har kome opp med eit leikande, livsbejande og fengjande album fullt av humør. Dette er musikk det er lett å bli med på, anten i livleg dans eller å synge med i sangen. Man kan også sette seg tilbake og berre nyte artistertiet.

2.4. KAFFEKONSERT.

Kulturskolen på Indre Nordmøre held på tradisjonen med kaffekonsert i foajeen.

Servering – gratis inngang.

8.4. SURNADAL HORN MUSIKK-KONSERT.

Surnadal Hornmusikk, som fyller 115 år i år, inviterer til korpstreff og konsert i Storstuå .

Medverkande korps er Kirksæterørens Hornmusikk, Angvik Hornmusikk, Surnadal Skulekorps og Surnadal Hornmusikk.

9.4. KONSERT MED TORMOD, BLÆST'N OG GAUAR.

Vi gjentek suksessen frå Rindal kirke.

Songkoret Tormod med bandet Gauar og gjestekorpset Blæst'n inviterer til konsert der det blir song og musikk fra de siste fire tiår.

Vi tek for oss kjente og kjære hit's frå denne perioden, så i løpet av konserten blir det noko for einkvar smak.

13.-14.4. DANSE TEATRET.

Danseteaterets årlege danseforestilling blir vist i Surnadal Kulturhus.

Det er nærare 100 barn og unge som viser dans med stor iver og entusiasme. Barna er fra 4 år og oppover.

Årets tittel er mykje treffande, da det blir mange uforgløyemelege øyeblikk med bla søte ballerinas, tøff ungdom, blekkulf, 60-talet og ikkje minst vår hemmelighet til publikum. Gled deg!

30.4. JØRGEN-KVELD.

Nå er det tid for Jørgenkveld. Det blir lagt opp til ei variert forestilling med mykje musikk, song, dramatisering og opplesing.

Ein del gjesteartistar blir det, Kolbjørn Botten, Bernt Bøe, Karstein Mauset, Holger Skei og Johnse Settem kan nevnt, samt eget husband.

Elles deltek medlemmar fra Svarrabærje Teaterlag. Teaterlaget saman med initiativtakar Svanhild Husby vil stå som arrangør for forestillinga. Overskotet skal gå til forskning mot krybbedød og til Jørgenfondet.

Vi ynskjer med denne forestillinga å vise mangfaldet i Jørgen Gravvold sine tekster. Det blir gjenhør med kjent og kjært stoff, og ting som ikkje har vorte framført tidlegare.

Håpar at mange vil bli med på eit dykk i denne kulturskatten.



BIBLIOTEKET

Opningstider: Måndag og Onsdag 11.00- 19.00
Tysdag og Torsdag 11.00 -16.00
Fredag 11.00 -15.00
Laurdag 11.00 -14.00

Heimeside: <http://www.surnadal-folkebibliotek.no>

Tlf. 71659301 • Fax. 71659302

E-post: biblioteket@surnadal.kommune.no



Todalen filial: Torsdag 18.00-20.00




Skal du ha besøk av venner og familie no i vår?

Vi har kjempegodt weekend-tilbud på overnatting fram til sommaren!
Bu frå fredag til søndag og få 20 % på begge netter.

Ordinær weekend-pris for dobbeltrom er kr. 1145,- pr. døgn inkl. frokostbuffet.

Du kan bestemme om du vil bu på vår, sommar, haust eller vinterrom.
Har vi ledig rom kan du og få bestemme motivet på bilete bak senga!
Ring 71657100 for booking!



Snakk forsikring med oss som kjenner lokalmiljøet.

Våre autoriserte rådgivere tar gjerne en gjennomgang av forsikringsbehovet ditt.



GJENSIDIGE
Surnadal

Besøk oss i AMFI Surnadal
Tlf 03100

surnadal@gjensidige.no
www.surnadal-gjensidige.no

| | Dag | Dato | Kl | Forestilling | Sal | Alder | Tid | Dette skal eg på (Set X) |
|---------|------|------|-------|---------------------------------|----------|-------|-----|--------------------------|
| Veke 13 | Fre | 1 | 20.00 | Unni Boksasp Ensemble | Storstuå | Alle | | |
| | Laur | 2 | 12.00 | Kaffekonsert | Foajeen | Alle | | |
| Veke 14 | Fre | 8 | 19.00 | Konsert med Surnadal Hornmusikk | Storstuå | Alle | | |
| | Laur | 9 | 17.00 | Konsert med Tormod | Storstuå | Alle | | |
| Veke 15 | Ons | 13 | 18.00 | Danseteatret – magiske øyeblikk | Storstuå | Alle | | |
| | Tor | 14 | 18.00 | Danseteatret – magiske øyeblikk | Storstuå | Alle | | |
| Veke 17 | Laur | 30 | 20.00 | Jørgen-kveld | Storstuå | Alle | | |

Ut ein tur?



Horisonten Restaurant

Våren er i anmarsj, og snart kjem det ny og vårlig meny i Horisonten Restaurant.

Gled dere til nye og friske smakar.

Følg med på vår hjemmeside!

Mandag – Torsdag 18.00 – 22.00

Lørdag 18.00 – 22.00

Søndag 15.00 – 20.00

Musters Pub:

Endelig er den norske tippeligaen i gang!!!

Hvorfor ikke se søndagskampen på Musters, og prøv Musters Nachos inkl drikke for kr 99,-

Tilbudet gjelder alle dager

Mandag: stengt

Tirsdag – Torsdag 19.00 – 24.00

Fredag 19.00 – 02.00 – 18 års aldersgrense

Lørdag 13.00 – 02.00

Søndag 17.00 – 22.00

08.04 og 09.04 blir det Irsk helg igjen!!!

Erik Asp spiller på fredag, og lørdag tar Phoenix Reel oss med til Irland.....

Råkk

DJ hver lørdag!

Lørdag 22.00 – 02.00 – 18 års aldersgrense

Har firmaet ditt eller vennegjengen lyst til å ha en temafest?

Ta kontakt, og vi er gjerne med og arrangerer!

ANDRE ARRANGEMENT

02.04 Creedence Night i Den Glade Laks

20.04 Mr.Gee spiller i Musters Pub

23.04 H3 spiller i Sandeman Bar

29.04 – 30.04 Vårfest!



UNNI BOKSASP ENSEMBLE



HORNMUSIKKEN



SANGKORET TORMOD



JØRGEN-KVELD

Mykje å gle seg til

31.5. – 6.6. Utstilling med Kulturskolen på Indre Nordmøre

9.6. – 12.6. Vårsøghelga

23.6. – 26.6. Norsk Laksefestival